

Munketrappenes Vener

Kinsarvik, 09.11.2015

**Sparebankstiftinga Hardanger- Tildelt gåve til ålmennyttig føremål hausten 2015.**

I Sparebankstiftinga Hardanger er vi glade for å kunne løyva kr. 500.000,00 som stønad til dykkar prosjekt om opprusting av munketrappene. Midlane er øyremerkte til dette prosjektet og vil når vilkåra er oppfylte verta kreditert den konto som er oppgitt i søknaden.

**Utbetaling og bruk av midlane.**

Dersom prosjektet er avhengig av fleire midlar eller meir innsats for å kunne realiserast blir det stilt krav om dokumentert fullfinansiering før utbetaling samt og dokumentasjon for at prosjektet blir realisert i samsvar med søknaden.

Midlane må brukast innan 1 år frå datoen på dette brevet. Dersom fristen ikkje kan haldast må det skriftleg søkast om lenging av denne. Dersom midlane ikkje er brukt innan fastsett frist går dei tilbake til den ålmennyttige verksemda til stiftinga.

**Rapportering.**

Me ber om at det seinast ein månad etter at prosjektet er avslutta blir sendt oss ein rapport med rekneskapsopplysingar som viser korleis pengane er brukte.

Gåvemidlar vil bli offentleggjort på heimesida til stiftinga.

**Lukke til med prosjektet.**

Med helsing

Gunnar Skeie

Dagleg leiar.